



Folkemusikkurs gjennom 25 år



I år er det 25 år sidan den første folkemusikk- og folkedanshelga i Suldal. Kurset har vorte arrangert kvart år sidan 1990 og er med det eit av dei lengstlevande folkemusikkurser i Noreg. Med eit jamt godt tal deltakarar frå heile Rogaland, er det òg eit av dei mest suksessfulle arrangementa til Ryfylkemuseet. Fleire av kursa er retta mot barn og unge og er slik eit viktig bidrag til rekrutteringa av unge utøvarar i fylket. Kurshelga har med åra vorte ei kurshelg på tvers av generasjonar, der fleire deltakarar òg kjem att år etter år. I 2016 vert kurshelga 11.-13. november. Vel møtt!

Jubileumbok – Kraften



Under jubileet til Hydro Energi på Nesflaten var det lansering av boka Kraften. Røldal-Suldal Kraft 50 år 1965-2015. Det er førstekonservator Trygve Brandal på Ryfylkemuseet som har skrive boka, på oppdrag frå kraftselskapet. Det har blitt ei rikt illustrert bok på 270 sider, som handlar om anleggstida på 1960-talet, om samspel på godt og vondt mellom kraftselskapet og bygdesamfunna, og om drift og utvikling av kraftanlegga i Røldal og Øvre Suldal gjennom 50 år.

KVA SKJER?

JANUAR

7. januar
Nyttårs-
konsert

Nesasjøhuset

21. januar
Internasjonal
kafé

Nesasjøhuset

Forsand bygdemuseum på nett



Med hjelp frå mobilt samlingsteam for Rogaland har me i haust fått heile samlinga frå Forsand bygdemuseum, 800 gjenstandar, ut på [Digitalt Museum](http://DigitaltMuseum.no). Blant desse finn ein eit ferdaskrin frå Bakken i Forsand, som òg omtala i årboka «Talande ting». Totalt har Ryfylkemuseet no over 17 000 gjenstandar og fotografi på nettstaden.

Talande ting



Det er i dag over 20 000 gjenstandar i samlingane våre. Kvar minste ting har si forteljing, men representerer òg ein liten bit av historia til Ryfylke. I årboka til Ryfylkemuseet for 2015 har 10 forfattarar på ulike vis tatt føre seg 13 av desse gjenstandane. Med brei tematisk tilnærming burde her vera noko for ein kvar smak!